

Fiskeridirektoratet
postmottak@fiskeridir.no

SAK 25/25
REGULERING AV FISKET ETTER KOLMULE
INNSPEL FRÅ PELAGISK FORENING

Pelagisk Forening meiner at reguleringa av kolmulefiskeriet fungerer bra, og må vidareførast. Ved fordeling av soneadgang bør fordeling skje etter gjeldande fordelingsnøklar,

I dag er det lov med inntil 20 % bifangst av sei i fisket etter kolmule sør for 64 grader nord, jf. haustingsforskrifta § 42, 1. ledd. Dette medfører at båtar må bytta felt, om dei får større innblanding. Båtar som har kvote på sei får heller ikkje utnytta heile kvoten sin. Det er lite problem med undermåls bifangst av sei.

Fartøy som har seikvote, og fabrikk om bord, og som leverer til konsum bør ha høve til høgare innblanding av sei. Bifangstprosenten bør aukast. Gjerne til 49 %. Dette vil medføre betre økonomi i fiskeria, og det er viktig i eit år der mange kvotar blir vesentleg redusert. I tillegg fører dette til mindre bruk av bunkers, mindre utslepp av klimagassar og meir miljøvennleg fiskeri.

Det er ikkje økonomi, for desse fartøya, å fiska sei direkte, og vesentlege deler av norsk seikvote blir ikkje fiska. Aukinga vil vera positiv både for fartøya og landindustrien.

Bergen: 15.10.25.

Pelagisk Forening/
Pelagisk Servicekontor AS



Ask Økland
Advokat



Mariann Frantsen
Dagleg leiar